

## Italiensk romantikk

Tidsmaskinen stansar igjen.

«Verona!» roper Ina. «1303! Det er utruleg! Det er året da Romeo møtte Julie!»

«Kva er så spesielt med historia om Romeo og Julie?» spør Sam.

«Romeo var fattig, Julie var rik. Familien til Julie likte ikkje Romeo. Men Julie berre måtte ha Romeo. Det er det som er så nydeleg.»

Ina tørkar ei tåre og smiler til Sam. Sam blir raud. Han veit ikkje korleis det er å vere forelska. Han har aldri vore det. Eller?

Ina ser mot ein balkong i eit smau. «Der stod Romeo og kviskra nydelege dikt til Julie», smiler ho. «Er det ikkje romantisk?»

Sam har fått auge på noko. «Eg trur eg veit kva den neste bokstaven er», seier han.

«R for Romeo. Se, det står rissa inn ein stor R på balkongen til Julie!»

«Du er jo litt romantisk når alt kjem til alt», seier Ina og gir han eit kyss på kinnet.

**romantisk:**  
ein som er opptatt av kjærleik og forelsking



### Oppgåver:

Sjå Elevbok 4B side 44.

Gjer oppgåvene 1, 2 og 3.